Handlingsplan: Barnehagens psykososiale miljø

barnehagene

Innhaldsliste

1.0 INNLEIING 3
2.0 KVA ER KRENKELSER, MOBBING OG ERTING? 3
3.0 § 41 NULLTOLERANSE OG FOREBYGGANDE ARBEID. 4

3.1 Nulltoleranse- Ansvar og plikt til å gripe inn 4
3.2 Forebyggande arbeid- ansvar for og plikt til å forebygge 4
3.3 Psykososialt barnehagemiljø 5
3.4 Kjennetegn på god praksis som forebygger krenkinger og mobbing 5
3.5 Verdiar og haldningar 5
3.6 Vennskap og inkludering 6
3.7 Sosial-, språkleg og emosjonell kompetanse 6

4.0 § 42 PLIKT TIL Å SIKRA AT BARNEHAGEBARNA HAR EIT TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ - AKTIVITETSPLIKTA 6

4.1 Plikta til å følga med: 7
4.2 Plikta til å melda frå 7
4.3 Plikta til å undersøkja 8
4.4 Plikta til å setta inn tiltak Barnehagen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Størrelsen på aktivitetsplanen avheng av funna frå undersøkinga. (Vedlegg 4) 8

5.0 § 43 SKJERPA AKTIVITETSPLIKT DERSOM EiN SOM ARBEIDER I BARNEHAGEN KRENKER EIT BARN 9
6.0 SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG HEIM: 9
7.0 VEDLEGG TIL HANDLINGSPLANEN: 10

7.1 Vedlegg 1: Oversiktsskjema aktivitetsplikta 10
7.2 Vedlegg 2: Plikt til å melda 11
7.3 Vedlegg 3: Undersøkingar 12
7.4 Vedlegg 4: Aktivitetsplan 13
7.5 Vedlegg 5: Pedagogisk analysemodell 14
7.6 Vedlegg 6: Internkontroll i den enkelte barnehage 16

1.0 Innleiing

Denne planen er utarbeida på bakgrunn av ny bestemming i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø (kapittel 8). Den er gjeldande frå 1. januar 2021. Lovteksten handlar om trygt og godt barnehagemiljø for alle barn. «Trygt og godt» er eit breiare omgrep enn førebygging mot mobbing. Eit slikt miljø skal også fremja helse, trivsel, lek og læringa til barna jf. barnehagelova § 1 Formål:

Barnehagen skal i samarbeida og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. …
Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygt stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagelova kapittel 8 gir ei tydeleg forplikting til barnehagen sitt arbeid med å skapa eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø for barn. Tryggleik handla også om å veta at barnehagen tar tak, visst noko skjer. At barnehagemiljøet skal være godt, handlar om at barna skal trivast i barnehagen, at dei er inkludert i barnegruppa og opplever å vera viktig for fellesskapet. Det å gå i barnehagen skal vera ei positiv oppleving og noko barn ser frem til. Det er barnet si subjektive oppleving av barnehagemiljøet, som avgjer om det er trygt og godt.
Dei tilsette i barnehagen må vera bevisst kva som påverkar det enkelte barn si oppleving av barnehagemiljøet.
Vårt mål med denne handlingsplanen er at barn i barnehagane våre skal oppleve eit trygt psykososialt miljø, prega av tryggleik og inkludering. Dagleg leiar i barnehagen har ansvar for å gjera handlingsplanen kjent og tilgjengeleg for sine tilsette

For at dette målet skal bli ein realitet er DU som tilsett i vår barnehage, ein viktig person. Dine haldningar og din kunnskap er avgjerande for dine handlingar samen med barn og andre tilsette. Jo meir me veit, jo betre er me i stand til å forebygga negativ utvikling, samt møta utfordringar som oppstår.

2.0 Kva er krenkingar, mobbing og erting?

Krenkingar kan handla om ord eller handling der det opplevast som brot på barn sitt behov for å høyre til, barn si likeverd og personlege integritet.
Det finnes fleire definisjonar på mobbing, men felles for dei er at det er negative handlingar som rettast mot ein og at det vert gjentatt over tid. Me har tatt utgangspunkt i denne definisjonen:

«Mobbing av barn i barnehagen er handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenker barnet si oppleving av å høyre til og vera ein viktig person for fellesskapet».

(Lund et al., 2015)

Ovannemnte definisjon peiker på betydninga av å være ein del av fellesskapet og moglegheita til å medverke. Vår forståing og syn på barna som er i våre barnehagar, blir viktig for korleis me møter mobbing. Våre haldningar til barn må være ikkje-dømmande, dei bør vera prega av empati, respekt og ei anerkjennande haldning som vil visa seg i konkrete handlingar som at me skaper eit positivt klima og er sensitive. Me setter oss ned og lyttar og legg til rette for eit inkluderande leik- og læringsmiljø, me trøystar og er tilstadeverande i barnehagekvardagen.

Det finns ulike former for mobbing og det kan vera direkte eller indirekte (Idsøe & Roland, 2017):

- Fysisk mobbing som dytte, slå, sparke og rive leker frå annan

- Verbal mobbing som kallenamn, trussel og erting
- Relasjonell mobbing som utestenging, ekskludering, grimaser, lage spesielle regler

Kva slags atferd og situasjoner skal tilsette i barnehagen vera observant på?

- At barna tar fra leiker gjentatte ganger mot eit spesielt barn
- Kviskring av hemmeligheter som omfattar privat informasjon og kallenavn
- Rolleleik og barnet sin status i denne

(Idsøe & Roland,2017)

Mobbing, erting eller konflikt?

Det er viktig å forstå forskjellen på mobbing og erting og konflikt. Då vil personalet kunne identifisere og iverksette rette tiltak i større grad. Konfliktar og konflikthandtering er ein viktig del av barn si utvikling av sosial kompetanse og både tilsette og føresette bør vera klar over dei spesifikke karakteristikkar som skil mobbing frå ein vanlig konflikt og heller ikkje gripa inn i mobbinga som i ein konflikt, da dette bør handterast på ulike måtar. Det som kan synes som ein konflikt i eit tilfelle, kan framstå meir som ei krenking i eit anna, fordi konteksten aldri er lik. Barn er ulike, og barn sine opplevingar kan vera ulike sjølv om situasjonen framstår som nokolunde lik.

3.0 § 41 Nulltoleranse og førebyggande arbeid.

Denne lovparagrafen handlar om:

- Plikt til å gripa inn når barn utsettast for krenkingar
- Plikt til å førebygge

3.1 Nulltoleranse- Ansvar og plikt til å gripe inn

Barn si sjølvkjensle utviklast i samspel med omgivnadane. Krenkingar og mobbing fratar barn både livsmot og verdigheit. Forsking (Breivik et al., 2017) viser at både mobbeoffer og mobbaren har auka risiko for psykiske vanskar seinare. I tillegg viser videre forsking ein samanheng mellom fråfall i vidaregåande opplæring og mobbing i barnehagen (Lund et al., 2015).
Nulltoleranse krev at alle overtramp vert følgt opp av trygge og varme tilsette. Det inneber å aktivt hindra uønskt handlingar, og fremja ønska, med tilsette som gode rollemodellar. Barnet si oppleving av sin situasjon avgjer om retten til eit trygt miljø brytes. Dette betyr at barn som føler seg krenka, skal ivaretas emosjonelt, uavhengig av tilsette si vurdering.
Krenkingar frå tilsette vurderast heilhetleg og objektivt. Nulltoleranseomgrep er sterkt knytt til det førebyggande arbeidet og tilbakemeldingskulturen i barnehagen.

3.2 førebyggande arbeid - ansvar for og plikt til å førebygge

Dette knytes tett opp mot § 2 i barnehagelova med barnehagen som en førebyggande arena og Rammeplanens kapittel 1 (Livsmestring og helse):
«Barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.
Barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd og førebygga krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever krenkingar eller mobbing, må barnehagen handtera, stoppa og følga opp dette».

I barnehagen skal me jobba med å fremja helse og skapa eit inkluderande fellesskap der barna kan vera seg sjølv og trivast, slik at dei kan oppleva meistring og ei kjensle av verdi. Denne jobben vert gjort bl.a. gjennom tilstadeverande og engasjerte tilsette, med barna i fokus. Dette blir essensielt i det førebyggande arbeidet mot mobbing. Personalet i barnehagen skal aktivt jobba for å sja alle barn, og vera ekstra oppmerksame for å sjå barn som dett utanfor og

hjelpe/rettleia dei. Førebygging er også at barnehagen legg opp til variasjon og aktivitet og innhald, slik at det kan treffe så mange som mogleg og oppleve lyst, glede, trivsel og meistring. Systematisk og kontinuerlig arbeid er helt essensielt når me jobbar førebyggende.

3.3 Psykososialt barnehagemiljø

I FUS barnehagane jobbar me aktivt med barnehagen sitt psykososiale miljø og me har slagordet «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal ivareta barnet sitt beste. «Barnet først» er ei barnehagebasert kompetanseutvikling som inneheld verktøya Classroom Assesement Scoring System (CLASS), og Tuning into kids (TIK). FUS har valt CLASS som observasjonsverktøy fordi det er eit evidensbasert verktøy som fungerer både ved observasjon, og som støtte i personalet sitt utviklingsarbeid. Det er tufta på systematisk tilnærming for å heva relasjonskvaliteten. Målet med satsinga er at det etablerast eit heilheitleg system for å støtta barna si utvikling og læring, og bygger på nyare forsking om kvalitet i barnehagen. I tillegg har satsinga som målsetting at dei tilsette skal bli enda betre til å fremja barna si tryggleik, trivsel, læring og språkutvikling i kvardagen. CLASS dimensjonane støttar oss i implementering av rammeplanens kapittel1, 3, 4, 6 og 8.
TIK handlar om korleis me kan tona oss inn på og rettleia barn sine kjensler. Å tone seg inn på små barn betyr å møta dei der dei er, i emosjonelle kjenslemessige uttrykk. For å få til dette må me vera sensitive vaksne, for å bygga gode og trygge relasjonar. Når me viser sensitivitet, entusiasme og glede veit me at dette har stor betydning for barn sin trivsel og progresjon. Barna skal sikrast eit miljø som er fritt for krenkingar og eit rikt leike- og læringsmiljø. For å sikra høg kvalitet på relasjonen må me veta kva som eigentleg skjer i møtet mellom tilsette og barnet. Me skal sikra at vår åtferd er prega av handlingar som fremjar og ikkje hemmar barnet sin trivsel, utvikling og læring.

3.4 Kjenneteikn på god praksis som førebygger krenkingar og mobbing:

Positivt klima

- Trygg og god relasjon mellom barn - barn, barn – tilsett og mellom dei tilsette.
- Tydeleg entusiasme, latter og mange smil
- Gjensidig respekt og lydhøyrhet
- Tilsette støttar barna i leik og vennskaps relasjonar
- Positivt klima er positivt for hjernen si utvikling, då delt glede “booster” hjernen si utvikling (CLASS, Barnet først)

Fråvær av negativt klima som:

- Streng stemme, irritasjon, kjefting eller sinne vist av personale og/eller barnet.
- Ironi, aggressivitet, sarkasme og manglande respekt for kvarandre.
- Himling med augene
- Truslar

Barn trives, lærer og utviklar positive sosial - emosjonelle ferdigheiter i omgivelser som er fri for irritasjon, truslar og aggresjon. Visst barn er engstelige, sinte eller urolige, vil det begrensa barnet sin trivsel, utviklings- og læringsmuligheter. Til og med milde truslar kan skada barna si oppleving av tryggleik og relasjon til deg. Omsorg er ei føresetnad for barna sin trygghet og trivsel og for utvikling av empati og nestekjærlighet (Utdanningsdirektoratet, 2017).

3.5 Verdiar og haldningar

Grunnleggande verdiar og haldningar i barnehagen handlar om fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse, respekt, likeverd og retten til å være forskjellig. Alle tilsette har, som rollemodellar, eit særleg ansvar for å etterleva og formidla barnehagen sitt verdigrunnlag (Barns trivsel- voksnes ansvar, Udir).

Som tilsette er me viktige rollemodellar for barna me omgås. Ved å vera bevisst korleis me handlar, kan me vera med på å synleggjera for barna at kvar og ein har verdi i seg sjølv, og at alle har rett til eigne meningar. I kva grad personalet respekterer kvarandre og barna, kjem til uttrykk i måten me forholde oss til og behandlar kvarandre på. Barn ser, høyrer og legg merke til våre handlingar. Barn er naturlig sensitive for korleis tilsette opptrer overfor dei og omtalar dei, som igjen påverkar barnet sitt sjølvbilete og sjølvtillit. Vidare kan dette påvirke måten barnet blir oppfatta på i barnegruppa og blant dine kollegaer.

3.6 Vennskap og inkludering

Vennskap og nære relasjonar er det viktigaste verkemiddelet mot mobbing i barnehagen. Ved å vera gode rollemodellar og rettleie barn i prososiale ferdigheiter, førebygger me mobbeåtferd. Vennskap er tilhøyrsle, leik og ein viktig arena for å føla seg betydnings full. Her kan ein få øva seg på å vera seg sjølv saman med andre. Vera einig og ueinig. Streva med å finna kompromissar og få lov til å sjå andre sitt perspektiv. Her kan barna utvikla ei forståing for seg sjølv og andre, og lytta og bli lytta til.

3.7 Sosial-, språkleg og emosjonell kompetanse

Som ein del av arbeidet med å fremja sosial kompetanse og eit inkluderande miljø er det særleg viktig å fremja barn si språkkompetanse og emosjonelle kompetanse. Her bør fokuset vera på å gi barn eit rikt språk til å fortelja kva barnet opplever av «glede og sorg». Barna bør få kompetanse på å setta ord på kjensler, styrke empati forståing og - utøving. For at barn skal kunna fortelja må dei veta at dei kan vera trygge på, og stole på de tilsette rundt seg. Relasjonane og kvaliteten på dei må jobbast med kvar dag og det er alltid den tilsette som har ansvar for denne relasjonen.
Barn fortel gjerne med bl.a. små hint, endring av åtferd, kraftige emosjonelle uttrykk, trekk seg tilbake m.m. Dersom personalet rundt barnet ikkje er sensitive nok til å fanga opp desse hinta kan det vera nok til at barn ikkje fortel meir. Bruken av opne spørsmål som: Kan du fortelja meg meir om det? Sette ord på det du ser: «I stad så eg at du ble lei deg når NN ikkje ville leika med deg….»

4.0 § 42 Plikt til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø - Aktivitetsplikta

Alle som arbeider i barnehagen, skal melda frå til barnehagen sin daglege leiar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dagleg leiar skal melde frå til barnehageeigar i alvorlege tilfelle.

«Når eit barn eller foreldra seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøka saka og så langt det finnest eigna tiltak, sørga for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Det same gjeld når ei undersøking som barnehagen sjølv har satt i gang, viser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering». -Barnehagelova

Aktivitetsplikta har 4 delplikter:

1. Plikt til å følga med
2. Plikt til å melda frå
3. Plikt til å undersøka
4. Plikt til å setta inn tiltak

4.1 Plikta til å følga med:

Alle tilsette i barnehagen har ansvar for å følga med på korleis *alle barn* i barnehagen har det, blant anna gjennom:

- Personalet må vera tilstade og engasjerte i barn sin leik og aktivitetar, for å gi støtte og rettleiing, og for å kunna identifisera samspel som kan utvikla seg til å bli negativt.
- Personalet skal observera og kartlegga samspel både mellom barna og mellom tilsette og barn. (CLASS)
- Personalet skal gjennomføra samtalar med barna, enten éin-til-éin eller i grupper, med søkelys på barna sin trivsel.
- Pedagogisk leiar skal ha foreldresamtalar kor barna sin trivsel, åtferd og vennskap Vert diskutert.

Barnehagen må sørga for at dei tilsette har ei felles forståing for viktigheten av å følga med på barna sitt psykososiale miljø og at alle er kjent med barnehagen sine rutinar for å sikra at lovkrava vert oppfylt.

Krenkingar, mobbing og tidlege teikn på mobbe åtferd kan være vanskeleg å oppdage. Difor må det vera ei felles forståing blant personalet for kva som er å regna som krenkande åtferd og mobbing, slik at alle ser etter dei same signala.
Ved kjennskap til eller mistanke om at barn ikkje har det trygt og godt, utløysast dei andre delpliktene.
Det er viktig å være oppmerksam på endringar i barns åtferd, da dette kan indikere at noko er galt. Eit nært samarbeid mellom barnehage og heim kan gjera det lettare å fanga opp slike endringar.

Endra åtferd som kan vera teikn på at barn ikkje har det trygt og godt:

- Barnet kan visa teikn til å ikkje ville gå i barnehagen
- Fysiske endringar som: Barnet kan begynna å tissa på seg etter å ha vert tørr, endra spise - og sovevaner, ofte vondt i magen/hovudet
- Kan bli engsteleg og redd
- Opplevast mykje sint/opptrer aggressivt/plagar andre/ofte i konfliktar
- Kan søka meir vaksenkontakt enn tidlegare
- Kan bli veldig stille
- Strevar med å etablera sosial kontakt/ er mykje åleine/vert heldt utanfor

4.2 Plikta til å melde frå

Alle som har ei rolle i barnehagen, har plikt til å melda frå, inkludert dei som har støttefunksjonar. Eit særleg ansvar gjeld for dei som jobbar direkte med barna og dagleg leiar.
Ei melding kan også komma frå føresette, enten muntleg eller skriftleg.
Det er heilt avgjerande å ha tett dialog med barnet sin heim. Unntaket er dersom det er alvorleg mistanke om at heimesituasjonen ikkje er trygg og god. I slike tilfelle trer meldeplikta til barnevernet inn, som er forankra i barnehagelova § 46.

Einkvar mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt, skal meldast til dagleg leiar. Mistanke betyr at du er usikker eller ikkje veit sikkert, men det utløyser likevel ei plikt til å melda frå, enten det er noko me har sett, høyrt eller blitt fortalt. Terskelen for å melda frå er lav. (Vedlegg 1+2: Saksgang og melding)

• Barnehagen kan ikkje vente til undersøkinga er gjort, før du melder frå. Unntak gjelder kun dersom desse kan gjennomførast innan svært kort tid.
• Dagleg leiar er ansvarleg for at barnehagen handterer og føl opp alle meldingar. (logg, registrering)

• Skriftleg meldeskjema fyllest ut (Vedlegg 2) og registrerast i Simployer.
• Dagleg leiar og fagavdelinga skal i felleskap bestemme om dette skal meldast til Barnehagemyndighet.

4.3 Plikta til å undersøke

Visst det oppdagast at eit barn eller ein gruppe barn ikkje opplever eit trygt og godt barnehagemiljø, enten gjennom direkte uttalingar frå barnet sjølv, foreldre eller tilsette, eller ved mistanke om dette, har barnehagen plikt til å undersøka saka umiddelbar. (Vedlegg 3) Observasjonar, ytringar og endra åtferd hos barn kan utløysa slik mistanke.
Undersøkingane må vera reelle og eigna til å finna årsak til at barn ikkje har det trygt og godt og undersøka barnet si oppleving. Samen med foreldra kan me avklara kva som skal undersøkast og korleis dette skal gjerast. Foreldra skal føla seg sett, høyrt, anerkjent, respektert og inkludert i saker som omhandlar deira barn.

Metodar for å undersøke kan vera:

- Samtale med føresette
- Samtale med barnet (dersom alder tilseier det)
- Samtale med de involverte/dei som har observert situasjonen. Dette kan vera andre føresette, barn eller tilsette.
- Samtale med personalet
- Observasjonar av: relasjonar mellom B-B, A-B. Kvar er dei tilsette i leiken, plassering av barn i grupper

Sjølv om undersøkingsprosessen kan vera tidkrevjande, er det viktig å prioritera grundig arbeid for å få god innsikt. Dette vil legga grunnlaget for tiltak, basert på konkret og fagleg vurdering. Barnet si subjektive oppleving er avgjerande for å utløysa undersøkingsplikta, og barnehagen kan ikkje avvisa slike bekymringar frå barn eller foreldre ved å visa til at andre barn opplever miljøet positivt eller at tilsette ikkje har vert vitne til krenkingar.
Barnehagen må sikre at barn får gi uttrykk for sine synspunkt på barnehagen si daglege verksemd og saker som angår dei, i tråd med barnehagelova § 3 (barn og foreldres rett til medverking) og Rammeplanen kapittel 4 (barns medverking).

4.4 Plikta til å setta inn tiltak

Barnehagen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Storleiken på aktivitetsplanen avheng av funna fra undersøkinga. (Vedlegg 4)

I aktivitetsplanen skal det stå:

1. Kva problem tiltaka skal løyse
2. Kva tiltak barnehagen har planlagt
3. Når tiltaka skal gjennomførast
4. Kven som skal gjennomføre tiltaka
5. Når tiltaka skal evaluerast.

Barnehagen plikter å følga opp tiltaka, evaluere og eventuelt justera tiltaksplanen. Tiltaka som vert sett inn, må vera tilstrekkelige til å løyse problemet, og varer heilt til barnet opplever eit trygt og godt barnehagemiljø igjen. Føresette skal vera med på evalueringa av tiltaka.

5.0 § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn.

Undersøkingar og tiltak etter § 42 skal iverksettast straks.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett i barnehagen krenker barn, skal det straks meldast ifrå til dagleg leiar og aktivitetsplikta utløysast.
Dersom ein som arbeider i barnehagen får kjennskap til, eller mistanke om, at dagleg leiar krenker eit barn, skal dette meldast direkte til eigar. Melding skal sendast på e-post til: hr@fus.no.
Tilsette kan krenke barn ved å latterleggjera, skrike, true, skjelle ut eller straffe dei, i staden for å forholda seg rolege og sette grenser på ein fornuftig og respektfull måte. Gjentatt negativ omtale av eit barn kan føra til at barnet føler seg stempla som umogleg eller lite verdsett, og sosial utestenging kan gjera barnet mindre attraktivt som leikekamerat. Det er derfor uakseptabelt å snakke nedsettende til, eller om barn. Kollegaer som er vitne til slik atferd utan å gripe inn, begår eit tillitsbrott. Dette kan forsterka uheldige samspelsmønstre. Det er viktig å motarbeide dette ved å etablere ein god tilbakemeldingskultur. Alle tilsette i barnehagen er ansvarlige for å ivareta barnet sitt beste. Manglande handling kan oppfattast som aksept av krenkande behandling. Tiltak vurderast basert på alvorlighetsgraden av handlinga og konsekvensane for barnet. Moglege tiltak inkluderer opplæring og ny kompetanse, for å sikra gode handlingsalternativ. Ved lovbrot som vald eller alvorleg krenkande åtferd, behandlast arbeidsforholdet i henhold til gjeldande lover og rutinar i samarbeid med HR/eiger.

6.0 Samarbeid mellom barnehage og heim:

Barnehagen har, i tråd med Rammeplan for barnehagar, et ansvar for å ivareta barnas behov for omsorg, leik, læring og danning i samarbeid og forståing med heimen (2017, kap. 5, s. 29). For å sikra dette, skal barnehagen tilrettelegge for eit godt foreldresamarbeid prega av åpenhet, likeverd og gjensidig respekt. Foreldre skal oppleva å bli sett, høyrt og inkludert i dialogen, og deira bekymringar skal tas på alvor, spesielt når det gjelder krenkande ord, handlingar eller mobbing.

Det er eit felles ansvar mellom barnehage og heim å forhindra mobbing. Samarbeid med foreldra om haldningar og verdiar er avgjerande for å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette gjerest gjennom foreldresamtalar, foreldremøter og deling av barnehagen sin handlingsplan for eit godt psykososialt miljø.

Barnehagen skal aktivt informera foreldra om sitt arbeid med å styrka det psykososiale miljøet og involvera dei i dette arbeidet. Dette gjerest på foreldremøter, samt møter i samarbeidsutvalet (SU). Dette sjåast opp mot CLASS og positivt og negativt klima.

Foreldra bidrar til førebyggande arbeid ved å:

- Helse på, og snakke med alle barn, invitere dei heim og legga til rette for nye vennskap.
- Samtale med eigne barn om det å vera ein god venn og inkludera andre.
- Snakke positivt om andre barn, foreldre, tilsette og barnehagen.
- Melde frå om de oppdagar krenkande åtferd eller mobbing.
- Gi tilbakemeldingar om barnet sin trivsel og opplevingar.
- Følge opp informasjon frå barnehagen og samarbeide tett med de tilsette.

7.0 Vedlegg til handlingsplanen:

7.1 Vedlegg 1: Oversiktsskjema aktivitetsplikta

	Ansvar	Kva	Dokumentasjon
Følga med	Alle tilsette	Observere, i leik og systematisk. Barnesamtaler Observasjonsverktøy Relasjonskartlegging CLASS: sensitive tilsette, organisering	Observasjons-rutinar Logg Resultat frå kartlegging
Gripa inn	Alle tilsette	Nulltoleranse Gripa inn umiddelbar Stoppa krenkingar	Dokumenter/logg ev hendingar
Melde frå	Alle som har ein funksjon i bhg	Varsle dagleg leiar. Melde i Simployer og vedlegg 2 vert fylt ut. Ved mistanke eller kjennskap til at det er dagleg leiar som krenker eit barn, skal det meldas direkte til FUS via barnehagen sine varslingsrutinar.	Vedlegg 2 Simployer
Strakstiltak og involvering av barn og foreldre	Pedagog/ DL	Samtaler med og emosjonell støtte til barnet/barna/føresett	Logg/referat
Undersøke	Tilsette/ pedagog	Samtaler/observasjon. CLASS, logg. Pedagogisk analyse som verktøy: vedlegg 5	Vedlegg 3/logg
Samanstilla og analysere	Tilsette/ pedagog	funna samanstilles og analyserast	Referat
Planlegge tiltak og lage en skriftlig plan	DL i samarbeid med tilsette	Med bakgrunn fra funn etter undersøkelser: Eigna tiltak.	Vedlegg 4. Referat frå møter
Involvere barnet/ føresette i tiltak	DL i samarbeid med tilsette	Den skriftlege planen vert lagt fram for foreldra, og foreldras tankar og oppleving tas på alvor	Referat frå møter
Gjennomføra, evaluera og revidera	DL i samarbeid med tilsette	Tiltaka gjennomførast og evaluerast i fleire rundar. Nødvendige justeringar undervegs, i samarbeid med foreldre. Foreldre involverast i evalueringa. Vurder ekstern bistand, eller bistand frå FUS administrasjonen.	Referat frå møter/samtaler.

7.2 Vedlegg 2: Plikt til å melde

Barnehagens namn **Avdeling/base** **Melders namn:** **Melders tilknyting til barnehagen:**
Dato for mottatt melding: **Varsla pr. e-post _____Telefon _____SMS_____Personleg henvending _____Annet:**
Bakgrunn for bekymring: **Observasjon _____Utsegn frå barnet_____Henvending frå foreldre _____Annet:**
Det blei varsla om følgande forhold (Beskriv kort):
Melding mottatt av:
Melding registrert av melder/tilsett som avvik **Dato:**

7.3 Vedlegg 3: Undersøkingar

Kva for undersøkinger barnehagen har planlagt:	Frist:	Ansvar:	Funn:

Eksempel på undersøkingar:

- samtale med barnet/andre barn som er involvert
- Samtale med forelder
- Samtale med personalet
- Observasjonar (Class)
- Systematisk observasjon av enkeltbarn og gruppa.
- Kvar er dei voksne i leiken, plassering av barn i grupper
- Logg
- Bruk analysemodellen under

Eksempler på undersøkinger når tilsette krenker barn:

- Samtale med den tilsette det gjelder (Her er det viktig å huske på kontradiksjonsprinsippet som handlar om retten til å uttale seg om anklager som gjeld ein sjølv. Den tilsette har innsynsrett i saka)
- Class observasjon-tilsette sensitivitet, negativt klima, ta barnet sitt perspektiv, samtale med barnet for å sikra barnet si subjektive oppleving
- På bakgrunn av funn frå undersøkinga utarbeidast det konkrete tiltak

7.4 Vedlegg 4: Aktivitetsplan

Barnets namn: **Namn på dagleg leiar:** **Namn på pedagogisk leiar:**	
Kva problem tiltaka skal løyse	
Kva tiltak barnehagen har planlagt	
Når tiltaka skal gjennomførast	
Kven er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka	
Når tiltaka skal evaluerast	
Sted og dato	
Signatur barnets foreldre	
Signatur dagleg leiar	
Signatur tilsett	

7.5 Vedlegg 5: Pedagogisk analysemodell

Analysemodellen

Overordna målsettingar
ê
Innhenting av data/informasjon
ê
Problemformulering
ê
Analyse av oppretthaldande faktorar


Utvikling av strategiar og tiltak
ê
Gjennomføring av valte tiltak
ê
Evaluering

Overordna målsettingar
Utfordringar analysen skal basere seg på må kunna ses i samanheng med nokre overordna målsetjingar som avdelinga/barnehagen jobbar med. Kan dreie seg om gruppemiljø og enkeltbarn.

Innhenting av data/informasjon
Helt avgjerande forutsetning for å få en god analyse er at du har gode data. Ikkje egne meningar/synsing, men helt konkrete, objektive data. Observasjonar, kartleggingar etc.

Problemformulering
Formulerast tydeleg og konkret. Skal enkelt kunne gå tilbake og sjå om vi har klart å realisere målet, evt forbedret situasjonen. Open problemformulering, gjerne et utsegn.

Analyse av oppretthaldande faktorar
Viktig område – ikkje same som årsak, men Kva som opprettheldar problemet. Kva gjer at denne utfordringa gjentas gong etter gong.
Det skal IKKJE snakkast om strategiar/tiltak før analysen er gjennomført.



Me brukar tre grunnleggande perspektiva i analysen av oppretthaldande faktorar:

1. Kontekstuelt perspektiv med fokus på læringsmiljøet og pedagogiske aktivitetar. Herav struktur, organisering, relasjonar, regler m.m.
2. Aktørperspektiv med fokus på barnas virkelighets oppfatninger og mestringsstrategier. Barn og unge som aktør i eige liv. Me må forstå barna for å kunne hjelpa dei. Prøve å forstå barnet ut fra deira syn på situasjonen.
3. Individperspektiv med fokus på barn og unge sine forutsetningar, heimeforhold, skader og vansker.

- Utvikling av strategiar og tiltak

Oppretthaldande faktorar/ forklaringar	Pedagogiske tiltak og strategiar	Forskings messig grunnlag/ referanse

- **Gjennomføring av valte tiltak**
  Ofte den vanskelegaste delen. Krev at alle tilsette rundt barnet/gruppa dedikerer seg til tiltaka og strategiane som er satt.
- **Evaluering**
  Evaluere resultata, evt gjennomføringa om man ikkje har fått ønska resultat

7.6 Vedlegg 6: Internkontroll i den enkelte barnehage

Tiltak:	**Arena:**	**Dato/frist/ansvar**
Alle ansatte gjør seg kjent med standarden «Barnehagens psykososiale miljø»	Sjølvstendig lesing. Be om lesebekreftelse i	Ved barnehagestart/ DL
Gjennomgang av handlingsplan og øving på rutinar for å melde avvik etter kap 8	Personalmøte	Aug/sept/DL
Alle DL gjennomfører webinar som omhandlar heile kap 8	Webinar	Sept /DL
Jobbe med gjennomgang av våre rutinar. Kva er et trygt og godt miljø. (sjå til class: sosioemosjonell støtte) Definera kva me legg i ordet krenkelse. Konkrete oppgåver/case/filmar (sjå til class: negativt klima)	Personalmøte. Grupper på tvers av avdelingane.	Haust
Tilbakemeldingskultur i personalgruppa refleksjon oppgåver.	Personalmøte	
Sikra at bhg har eit godt system for å setta vikarar/nytilsette inn i dette arbeidet.	Ved tilsetting	DL
Gjennomføring av CLASS observasjonar	Avdelingsvis	Høst
Holdningsarbeid: jobbe med caser	Avdelingsvis/ personalmøte	Jamleg / DL/ped.
Sikre at alle tilsette er kjent med saksgangen ved handlingsplanen	Personalmøte	
Relasjonskartlegging	Individuelt før avd. møte. Samanfatning på avd. møte	Årleg/ Ped.
Barnehagen evaluerer sitt førebyggande og haldningsskapande arbeid kvart år. Evaluering og evt. revidering foretas i personalmøte og SU	Hver vår	DL/Ped.
Orientere korleis me jobbar med kap 8, og korleis me handterer enkeltsaker.	SU-møte og foreldremøte kvar haust	DL